

Søknad om helse- og omsorgstenester

Om søknadsprosessen

1. Vi mottek søknaden og gjer ei vurdering.
2. Vi ringer og avtalar eit eventuelt heimebesøk, og får meir informasjon frå deg.
3. Vi vurderer behovet for hjelp, og kva tenester du eller den du søker for har krav på.

Når får eg svar på søknaden?

Du kan forvente å få svar innan 4 veker. Dersom vi treng meir tid, vil du innan fristen få eit førebels svar med eit tidsoverslag om når søknaden er ferdigbehandla. Svaret kjem skriftleg i den digitale postkassa di, eller som eit fysisk brev.

Om teieplikt

Saksbehandlarane som jobbar med søknaden din har teieplikt og kan ikkje dele informasjonen i søknaden med utanforståande.

Kommunalt pasient- og brukarregister (KPR)

Nokre av opplysningane frå søknaden vert registrert i KPR, og vert nytta til å planleggje og evaluere helse- og omsorgstenestene i kommunen. Du kan reservere deg mot dette på [Helsenorge.no](https://helsenorge.no).

Dokumentasjon

Du kan leggje ved dokument, til dømes dersom du har vore hos ein spesialist, PPT eller privat behandlar. Dokument frå fastlegen din kan vi skaffe sjølve.

Søker du for ein annan?

Når du søker for andre, treng du ei fullmakt frå personen du søker for. Du kan laste [ned ei fullmakt her](#).

Dersom du er verje, må du leggje ved verjefullmakta.

Er det ikkje nok plass i skjemaet, kan du skrive på eit ark og leggje ved.



Fornamn og etternamnet ditt**Fødselsnummer****Telefon**

Adresse**Postnummer****Stad**

Bur du åleine? Ja Nei**Har du ein bustad med alle naudsynte rom på eitt plan?**

Tilgang til kjøken, toalett, soverom og stove utan å bruke trapp.

 Ja Nei**Kva språk snakkar du?**

Døme: Engelsk, eller dersom du ikkje har talespråk og kommuniserer på andre måtar.

Treng du tolk? Ja Nei**Når var du sist hos tannlegen?****Når var du sist hos fastlegen?**

Kva punkt gjeld for deg?

- Det er utfordrande å bu heime
- Treng hjelp heime
- Nedsett funksjonsevne
- Ønskjer eit meir aktivt liv (bli meir fysisk aktiv, møte menneske og vere meir ute)
- Ønskjer å få det betre psykisk
- Treng hjelp på grunn av tungt omsorgsarbeid som pårørande
- Hjelp med rusproblem
- Treng hjelp med å koordinere (for eksempel kreft- eller barnekoordinator)
- Anna

Kva treng du hjelp med?

Om du veit kva teneste du søker på, kan du gjerne skrive det her.

Diagnose

Har du nokre diagnosar som er relevante for søknaden?

Kva er viktig for deg?

Er det noko du vil at helsepersonellet skal vite?

Beskriv situasjonen

Kva utfordringar har du, og kor lenge har dei vart? Korleis fungerer du i kvardagen?



Næraste pårørande sitt namn

Fødselsdato

Slektskap/relasjon

Telefonnummer

Skal den pårørande få informasjon i Mitt Aidn?

Mitt Aidn er kommunen si digitale løysing for informasjon mellom helsepersonell, pasientar og pårørande. Pårørande med tilgang til Mitt Aidn får betre oversikt, og kan enklare støtte deg medan du mottar tenester.

Dette får pårørande tilgang til:

- Tenester og helseinformasjon (gjeld ikkje journalnotat)
- Arrangement og praktisk informasjon
- Moglegheit til å sende og motta meldingar frå helsepersonell

Ja, eg samtykker til at den pårørande kan få tilgang til informasjon om meg i Mitt Aidn.

Samtykke til å hente inn og dele opplysningar

Vi hentar inn opplysningar om personen som søker for å gi best mogleg hjelp og behandling – og for å vurdere saka på rett grunnlag. Difor kan det òg vere naudsynt å dele opplysningane med relevant personell i helse-, omsorg-, sosial- og barnevernstenesta.

Når personen samtykker, kan vi hente inn og dele opplysningar med:

- Pårørande
- Fastlege
- Sjukehus eller spesialist
- Anna helsepersonell
- Andre kommunale tenester som skule, psykisk helseteneste og rehabilitering
- Nav, dersom tenesta krev eigendel
- Skatteetaten, dersom tenesta krev eigendel

Kva skjer om personen ikkje samtykker?

Det er frivillig å samtykke, men saka blir vanskelegare å vurdere og kan i verste fall bli avgjord på feil grunnlag. Vi må kanskje gi avslag fordi vi ikkje har tilstrekkeleg informasjon.

Samtykke

- Ja, eg samtykker til at de kan hente inn og dele opplysningar
- Eg gir eit avgrensa samtykke til å hente inn og dele opplysningar
- Nei, eg ønskjer ikkje at de skal hente inn og dele opplysningar

Fyll ut dette om du valde avgrensa samtykke. Kven vil du ikkje at vi hentar eller deler informasjon frå?

Stad og dato

Søkjarens underskrift
